



Stendal VVS AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/686 - 15/8400

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
27.04.2015

Godkjenning - tilkopling til kommunalt vassverk, gbnr 45/35.

Administrativt vedtak. Saknr: 132/2015

Saksutgreiing:

Det er søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for bustadhus på Vikebø gbnr 45/35. Eigedomen skal knytast til det kommunale vassverket via privat stikkledning som går til kommunal kum ved Skintveitvegen.

Eigedomen har godkjent utslepp med slamavskiljar.

Vurdering:

Stikkledningen det her er snakk om er tidlegare etablert av private, men er ikkje lenger i bruk. Ledningen ligg på kommunal grunn og det ligg føre skriftleg erklæring som gjev eigedomen gbnr 45/35 rett til å ha liggjande og utføra naudsynt vedlikehald med denne. Meland kommune har ikkje ansvar for stikkledningen fram til kum.

Tiltaket er søknadsplikting etter plan- og bygningslova.

Administrasjonen har ingen merknad til at eigedomen vert tilknytt det kommunale vassverket.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at bustad på gbnr 45/35 vert tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad dagsett 10.03.2015 og supplerande dokumentasjon dagsett 12.03.2015 og på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" - Kommuneforlaget.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

- Tilknytninga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2015 er tilknytingsgebyret for vatn kr 10 000,- per bueining pluss mva.
- Tiltaket er søknadspiktig etter plan- og bygningslova. Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilkopling gbnr 45-35

Kopi til:

Stig Slettebakken	Skintveitvegen 43	5918	FREKHAUG
-------------------	-------------------	------	----------

Mottakere:

Stendal VVS AS	Blombakken 1	5911	ALVERSUND
----------------	--------------	------	-----------